

Rosendal/Trio tapte 2-1 mot Os/Nore Neset

16.04.2018



Oppvarming, klare til kamp mot OS/Norde Neset.

Søndag spelte Rosendal/Trio årets første kamp borte mot Os/Nore Neset. Damene leverte ein god kamp, men dessverre var ikkje marginane på Rosendal/Trio si sida i denne kampen. Laget var og noko redusert, grunna forfall i spelarstallen.

Laget hadde fleire gode sjansar, deriblant traff Ingeborg Sundal Ljostveit stolpen på stillinga 0-0 i første omgang.

Trenar Tor Gundersen er svært nøgd med innsatsen til damene, som leverte ein svært godkjent kamp mot eit godt Os/Nore Neset lag. Gundersen har stor tru på at laget kjem til å bite godt frå seg i denne sesongen. Alle som var med i dag, la ned en formidabel jobb.

Mål for Rosendal/Trio, Tina Skår. Frispark frå om lag 20 meter nydeleg til høgre for keeper.

Laget besto av frå venstre (bilete øverst) Silje Soldal (Debykamp), May Beate Brakstad, Kari Bråtun, Trude Havneerås, Anita Simensen, Andrea Albrethson, Sunniva Solfjell, Ingeborg Ljostveit. Synne Nissestad, Thea Aronsen og fotograf Tina Skår (målskårar) var ikke med på bilete. Reserver og ikke med på bilde er: Mathea Bondhus og Solveig Bjørnebølet.

Uskedalsjenter som var med på laget: Anita Simensen, Silje Soldal, Andrea Albrethson og Kari Bråtun

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Tina Skår

Nett: Hans Ordin Østebø